



# Trondheim 1880–1950 Byen som møteplass

■ Av Ingar Kaldal

*Ein av grunnane til å skrive lokal historie, er at ein kjenner seg knytt til den staden historia handlar om. Da kan det vere freistande å skildre livet der som meir lokalt enn det kanskje var, og kanskje som meir prega av indre harmoni og sammenheng enn det var. Da er det lett å oversjå korleis livet på den lokale plassen hang saman med livet omkring. Dette gjeld enten ein skriv historie om ei lita grend eller om eit kvartal i ein by. Minna kan vere aldri så prega av godt samhald og fellesskap, men ofte kan det vere like interessant å tenke etter kor mye av livet på plassen som var prega av impulsar utanifrå, og ikkje minst av at plassen kunne vere viktig også som stad å møte mye forskjellig, og ikkje berre som plass å leve saman med dei som heile tida var der.*

Når vi skriv byhistorie, kan vi ved å variere begrep og metafora få fram ulike sider ved bylivet. Vil vi sjå byen som ein plass der ulike kulturar har blanda seg med kvarandre, kan vi beskrive den som ein "smeltedigel". Med "laboratorium" kan vi få fram at det som flaut ihop, vart til noe nytt, og fekk si form gjennom aktive eksperiment. Andre begrep som kan brukast, er "mosaikk" eller "salatbolle", om vi meiner at det som møttest

i byen, sameksisterte utan å smelte saman til eitt. I mange byar har ulike kulturar og grupper levd side om side, eller over og under kvarandre. Kanskje har dei påverka kvarandre, og dominert heilskapen (som ingrediensar gjer i ein salat). Men delkulutar kan også ha levd kvar for seg, med eigne sær preg og klare grenser mot "andre" (som i ein mosaikk). Eit aspekt som alle desse begrepa har felles, er at dei handlar om møte. Dei beskrev byen som sosial og kulturell møteplass.

Her skal eg vise noen glimt av korleis dette arta seg i eit norsk bymiljø for omkring hundre år sidan. Eksempla er henta frå eit prosjekt om livet i veiter (trøndersk uttrykk for smale gater, smug) og gater i Trondheim frå 1880 til 1950. Det vart fullført i 1997 med boka *Veit og gate – daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950*.<sup>1</sup>

I denne perioden var Trondheim enno ein liten by, men i rask vekst og hektisk forandring. Dagleglivet var prega av møte og bryntningar mellom gamalt og nytt, høg og låg, kvinner og menn, unge og gamle, og mellom folk med ulik bakgrunn, ulike yrke og kulturar (fleirkulturelle byar er ikkje noe nytt i vår tid). Dei sosiale og kulturelle møta skjedde over alt i byen, og arta seg ulikt frå plass til plass. Som i dei fleste byane fanst det her



ein del stader som bestemte samfunnsggrupper såg på som "sine", som arenaer der dei hørte til, og der det gjaldt visse hemningar mot å vise seg for andre. Samtidig var mange plassar i byen prega ikkje av avgrensing, men av opne grenser og møte mellom mye forskjellig.

#### Klasseforskellar

I Trondheim omkring 1900 var klasseforskellar viktige. For eksempel var dei som budde i dei tronge og mørke veitene på den tida folk med lågare sosial rang enn dei som budde i dei opnare gatene, for ikkje å seie i villastrøka omkring byen (men det at dei finaste budde i eigne buområde utanfor Midtbyen, vart vanleg først ut over 1900-talet). I tida før 1900 var Midtbyen i større grad enn seinare ein møteplass kor folk frå ulike sjikt rett nok kunne leve sine ulike liv, men såpass tett innpå kvarandre at det kunne gi daglege påminningar om at klasseforskellar var viktige.

Alt frå skoledagane lærte ungar som voks opp i Midtbyen at dei hørte til ulike klassar. Mange "bedrestilte" ungar kom lite i kontakt med fattige ungar, fordi foreldra deira betalte for å ha dei på privatskolar. Dei gjekk på skolar som frøkens Storms eller frøken Baars skole, eller på borgarleg realskole. Og sjølv om

**Venstre:** Torget var ein av møteplassane i byen. Bildet er tatt mellom 1937 og 1939. **Fotograf:** Per Renbjør. **Eigar:** Stiklestadmuseene, SNK. **Midten:** Stilsikre damer i krysset Nordre gate og Kongens gate. Foto: P. Næss. Eigar: Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum. **Høgre:** Trondheimsstudent anno 1947. Foto: P. Næss. Eigar: Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum.

skilja ikkje alltid var såpass institusjonaliserte som dette, var dei tydelege nok kulturelt, gjennom språk, klede og måtar å te seg på.

#### Møteplassar

Innan mellomkrigstida hadde dette klassemønsteret vorte endra på fleire måtar. Småkårsfolket var i mindre grad enn før berre utanfor, eller i mørket. Folk omgjekks meir på tvers av sosiale grenser. Fleire fest- og underhaldningsstader vart meir offentlege. Nye møtestader som skøytebanar, idrettsstadion og skirenn hadde vakse fram utan etablerte reglar for kven som hadde tilgjenge og ikkje.

Møta mellom folk frå ulike sosiale sjikt utspelte seg på mange ulike arenaer. Ein av dei var søndaggatene. Ein vanleg skikk for både høg og låg var å gå søndagstur i byen. Men enno på 1800-talet var det først og fremst finfolk som "spaserte", i alle fall på den måte som også vart kalla "promenade". Promenering var

lagt til faste gater, og til faste tider. I Trondheim var promenadegata lenge Kongens gate. Der skulle finfolket få ferdast mest muleg uforstyrra i promenadetida. Samtidig var det ikkje til å unngå at gåturane førte dei i kontakt med andre sjikt i byen. "Pøbelungar" i gata var på slutten av 1800-talet eit aukande irritasjonsmoment under søndagens promenade i Kongens gate.

#### Nordre gate

I tida etter 1900 tok Nordre gate over som gate å spasere i. Medan Oslo har Carl Johan og Bergen Torvalmenningen, har Trondheim hatt Nordre – rett nok med eit meir smålåtent preg. Samtidig med at gatespaseringa vart flytta til Nordre, skjedde viktige sosiale endrinhar. Medan Kongens gate i den faste promenadetida hadde vore overklassedominert og lukka, vart Nordre meir ein møteplass og open for mye forskjellig. Og ikkje berre folk frå ulike klassar møttest. Nordre vart meir og meir ein



*Venstre: Kongsgat. kring 1910. Promenerande trondhjemsfrakner og studentar. Foto: Mittet & co. Eigar: Sverresborg, Trøndelag Folkemuseum.*

*Høgre: Folkeliv på torget ein gong rundt 1900. Fotograf: Ukjent. Eigar: Universitetsbiblioteket i Trondheim.*

plass der spesielle grupper i byen kunne vise seg fram, også utan at det irriterte.

#### Studentane

Ei gruppe som utover 1900-talet vart eit identifisertbart og til tider grundig eksponert innslag i gatene, var studentane. Berre noen få år etter etableringa av den tekniske høgskolen i 1910 skreiv forfattaren Johan Bojer i studentavisa Under Dusken: "Da høiskolen kom, fik byen et europeisk præg, fordi der kom unge mænd i gaterne, som klædte sig stilfullt og turde le ved høilys dag".<sup>2</sup> Dei fleste som tok høg utdanning var enno gutter frå høge sosiale klassar. Samtidig var dei som studentar friare enn andre overklassefolk frå skamkjensler når dei spelte seg ut på tvers av konvensjonar. På Nordre kunne dei i helgene treffe døtre av fine familiar frå Singsaker, som brukte den same gata til å sjekke opp unge menn som kunne gjere dei til framtidige sivilingeniørfruer. Men også mange andre grupper brukte Nordre til å treffe kvarandre.

#### Ulike arenaer

Det varierte kor mye dei nye offentlege møtestadene som vokс fram, vart sett som naturlege for alle slags folk å gå på, eller ikkje. Enno i mellomkrigstida var det ei oppfatning at "teater var for folk på Singsaker det, den betre Østkant, det var for honoraritetar og det vi kalla for

rikfolk. Teater for dei som budde i arbeidstrok og tilhørde arbeidarklassen, eksisterte ikkje", har ein arbeidar fortalt.<sup>3</sup>

Av og til hadde folk frå ulike grupper som kunne snakke med kvarandre i eitt miljø, problem med å møtast på kvarandre sine meir klasseprega arenaer. Ein fin sommardag ein gong midt på 1900-talet møtte ein ung mann frå ei av veitene i Trondheim to "fine frökener" på badestranda på Munkholmen. Dei bad han med på Astoria, ein av byens finaste restaurantar, om kvelden. Men når kvelden kom, fekk han seg ikkje til å gå, "på grunn av den forskjellen".<sup>4</sup> Badestranda var ein møtestad der ein kunne legge frå seg ytre teikn på kven ein var og kva klasse ein hørte til. Inne i byen, og særleg på ein finare restaurant, var dei grensene tyngre å trø over.

I gatene rådde det i aukande grad eit sosialt spel kor det ikkje var avgjort på førehand kven som eigde rommet, og som kunne forvente at dei andre underordna seg, eller heldt seg unna. På eitt vis gjorde folkeveksten i byen det lettare å "vere seg sjølv" utan å tenke på kva andre tenkte om ein. På den andre sida vart ytre teikn viktigare når ein ikkje lenger vart attkjent, og tilkjent status, berre på ansiktet.

#### Livet i gatene vart opnare

Frå å vere ein by der folk frå ulike klassar

ikkje hadde mye kontakt når dei møttest i gatene, men heller gjekk til sides for kvarandre, etter bestemte sosiale reglar, vart gatene no møtestader der kontakten auka, og der det vart eit opnare spørsmål kva dei ein møtte, verkeleg var, og vart oppfatta som. Som i politikken vart det sosiale livet i gatene opnare, fleire fekk tilgjenge, og i noen verksemder telte ein likt med alle andre. På same måte som stemmesetelen no snart vart lik for alle, frå 1913 også for kvinner, vart det no slik at når ein reiste i byen, så stoppa den nye trikken for alle på det same stoppeiknet (den første trikkelinja vart i Trondheim opna i 1901, og i åra etter det vart rutene bygd ut). Med dette vart det ikkje lenger som i hestevognene si tid eit sosialt spørsmål om ein skulle ferdast gjennom byen i vogn eller til fots.

#### Nye kulturelle fargar

Det demokratiske sosiale preget som her kom inn på fleire plan, gjorde på éin måte folk i gatene til ein stor masse. Men samansmelta til eitt vart dei ikkje. For samtidig vart livet også prega på nye måtar av klasseforskellar. Fordi det ikkje lenger var like sjølvsagt som før kva sjikt eller gruppe ein hørde til, vart det i noen samanhengar viktigare å vise det. Det kunne gjerast på fleire måtar. Det vart oppfunne nye måtar å markere grenser på, og nye kulturelle fargar fekk prege dei ulike felta i mosaikken som bysam-



funnet var delt inn i. Sjølv om trikken utjamna, kom bilane snart til å bli eit av dei verkeleg effektive teikna å vise klasse med (til dei òg frå 1960-åra i aukande grad vart allemannseige).

Etter at Nordre vart gågate frå først på 1970-talet, vart gata ein plass der ikkje berre ulike ungdomsgrupper viste kven dei var. Det fortsette også fruene som hadde sin stamkafé Eriksen øvst i gata, med å gjere. For den som ville legge

merke til det, var dei like sosialt utkledd som noen andre grupper på Nordre. Det er ikkje berre dei gruppene ein har lettast for å legge merke til som annleis, som bruker ytre teikn for å vise andre i byen kven dei er. I vår tid vekker bestemte sjal på kvinner frå utlandet voldsomme diskusjonar. Hattar og kåper på ”våre eigne” tek vi for gitt. Dei teikna som det ikkje blir snakka mye om, kan vere like effektive til å signalisere kor ein hører til,

nettopp fordi dei verkar utan å bli diskuterte. Til slutt forsvann også finfruene sin eigen kafé frå Nordre. Før det var den same kafeen ein periode eit treffpunkt også for radikale studentar. Verken gatene, kafeane eller andre arenaer i byen slutta å vere møteplassar kor fargane i byens sosiale mosaikk spelte seg ut. Men spelet var stadig i endring.

*Ingar Kaldal (f. 1955) er professor ved Institutt ved historie og klassiske fag ved NTNU i Trondheim. Kan kontaktast på: ingar.kaldal@ntnu.no. Har skrive m.a. Papirarbeidernes historie (1987), Arbeid og miljø ved Follaoss Tresliperi og Ranheim Papirfabrikk 1920–1970 (1994), Veit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950 (1997), Astrids dagbok – småbrukerliv 1970–1973 (2004), Hva forteller skogmuseene? Historieformidling i sju norske og noen utenlandske skogmuseer (2005).*

#### Noter

- 1 Boka kan enno skaffast ved å kontakte forfattaren.
- 2 Sitert etter avskrift av artikkelen i Nidaros 10.1.1915.
- 3 Intervju 7FTT86 i minnesamling ved Trøndelag Folkemuseum.
- 4 Intervju G10 i minnesamling utført for Veit- og gate-prosjektet.

## Artikler om fyr og fyrliv

Norsk Fyrhistorisk Forening (NFHF) er en ideell organisasjon som arbeider for vern om og ny bruk av fyrtasjonene (les mer om foreningen og foreningens arbeid på nettsida [www.fyr.no](http://www.fyr.no)). Én av oppgavene er å registrere og dokumentere immaterielle fyrminner, i form av artikler eller reportasjer om fyr og fyrliv. Vi kjenner til flere slike artikler fra lokalhistoriske årbøker og andre bøker med emner fra kystkulturen. Vi trenger imidlertid hjel til å få den fulle oversikten. Om du kjenner til slikt minnestoff, så send oss gjerne noen ord om det.



Informasjonen kan sendes til  
Norsk Fyrhistorisk Forening, NTNU, Postboks 1 Dragvoll,  
7491 TRONDHEIM, eller til [foreningen@fyr.no](mailto:foreningen@fyr.no)